



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Tom N. Pedersen, 5557 2119

Vår dato
18.06.2018
Dykkar dato
30.11.2017

Vår referanse
2017/14603 542.1
Dykkar referanse

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Fylkesmannen har ingen merknad til søknad frå Eide fjordbruk AS om arealutviding på lokaliteten 26295 Langøy i Lindås kommune

Vi viser til søknad frå Eide Fjordbruk AS datert 24. november 2017 og oversendt frå Hordaland Fylkeskommune den 30. november 2017 og med ettersending av uttale frå Lindås kommune 9. mars 2018.

Eide Fjordbruk AS søker om arealutviding på lokaliteten 26295 Langøy i Lindås kommune. Anlegget skal utvidast med 5 nye ringar i tillegg til dei 5 som ligg der i dag. Grunngeving for arealauken er å kunne oppnå ein produksjon i samsvar med utsleppsløyvet på lokaliteten samstundes som omsyn til fiskevelferd blir teken vare på.

Eide Fjordbruk AS fekk 4. november 2016 utsleppsløyve for 4.680 tonn MTB på lokaliteten Langøy. Anlegget er lokalisert i areal som ligg inne i reguleringsplan for akvakulturområdet Langøy – Ospeneset vedteken i Lindås kommune 2. november 2017.

Etter offentlig høyring kom det inn merknad frå Naturvernforbundet Nordhordland. Dei er uroa for lakselussituasjonen og syner til produksjonsområdeforskrifta og at lokaliteten Langøy ligg i raud sone. Fylkesmannen vil peike på at denne søknaden ikkje inneber auke i utsleppsløyvet. Dei endringane som eventuelt vil kome som følgjer av regulering etter produksjonsområdeforskrifta vil få konsekvensar for alle oppdrettarar i produksjonsområdet.

Fylkesmannen har ingen merknad til endring i anleggskonfigurasjon.

Med helsing

Ingrid Torsnes
senioringeniør

Tom N. Pedersen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Eide Fjordbruk AS			